

*Trygg framtid for folk og natur.*



## **Samling med overordna fagleg ansvarleg for helse- og omsorgstenestelova kapittel 9.**

Molde, 18.01.2018

Seniorrådgivar Aase Årsbog Dyrset og rådgivar Linda Rosvoldaune Moe

## Erfaringa frå stadlege tilsyn i 2017, kva såg vi:

- ▶ Retten til kvalifisert personale var ikkje ivareteke.
- ▶ Kommunen har ikkje lagt til rette for at all bruk av tvang og makt blir ført i journal.
- ▶ Kommunen sikrar ikkje at godkjente tvangsvedtak blir gjennomført i samsvar med Fylkesmannen si overprøving.
- ▶ Tvang blir gjennomført utan at det er vurdert opp mot reglane i helse- og omsorgstenestelova kap. 9.

## Kva er tvang?


*«formålet med reglane er å hindre at personar med utviklingshemming utsett seg sjølv eller andre for vesentleg skade og for å forebygge og avgrense bruk av tvang og makt»*

**Etter lova her reknast tvang som tiltak:**

- - der det er motstand
- - der tiltaket er så inngripande at det uansett motstand må reknast som tvang eller makt
- - der det er inngripande varslingssystem med teknisk innretning

**...og om vilkåra er oppfylt, kan tvang og makt nyttast i følgjande høve:**

- a) som eit skadeavverjande tiltak i ein nødssituasjon
- b) som eit planlagt skadeavverjande tiltak i gjentekne nødssituasjoner
- c) tiltak for å dekke personen sine grunnleggjande behov



Døme:

**Alarm på ytterdør på natt, heimla i hol. Kap. 9, § 9-5, 3. ledd bokstav b, som eit planlagt skadeavverjande tiltak i gjentekne naudsituasjonar.**

Kommunen har i vedtaket haka av for at;

- det er to tenesteytarar til stades ved gjennomføringa av tvangstiltaket
- retten til kvalifisert personell er oppfylt ved gjennomføringa av tiltaket
- at det er oppretta ein eigen tvangsjournal i EPJ


(i tillegg til at dei øvrige vilkåra for å nytte tvang var oppfylt)

Det er to tenesteytarar til stades når alarmen blir slått på, det er to tenesteytarar til stades når alarmen blir slått av, og det er dette som blir journalført.

I dette døme avdekte Fylkesmannen likevel lovbrot på at kompetansekravet ikkje var oppfylt og lovbrot på at journalføringa ikkje var tilstrekkeleg. Kvifor?

Eks: Alarm på ytterdør på natt, heimla etter reglane i hol. § 9-5, 3. ledd bokstav b, som eit planlagt skadeavverjande tiltak.

## Alarm på ytterdør mellom kl. 22.00 - kl. 07.30




## Kva er kompetansekrav?

Og kvifor har lovgivar sagt at det er kompetansekrav for å nytte tvang og makt overfor personar med utviklingshemming?

Å arbeide med utviklingshemmede krev konkret kunnskap henta frå ulike fagområder

- ▶ du må ha kunnskap om etikk,
- ▶ om psykologi,
- ▶ om medisin,
- ▶ om samfunnsfag og pedagogikk,
- ▶ og kunnskapen må kunne omsettast i praksis og anvendast.
- ▶ I tillegg må tenesteytarane ha kunnskap om utviklingshemming og erfaringer med kva for utfordringar det medfører i tenesteytinga.



## I dei ikkje varsla tilsyna der kompetanse var tema, såg vi mellom anna:


- ▶ Kommunen har planlagt å gjennomføre tvangstiltak utan at det er kvalifisert personell til stade. Av turnusen gikk det fram at det i enkelte saker var planlagt med kun ferievikarar.
- ▶ Vi så og at kommunen har nytta, og planla å nytte tenesteytarar som Fylkesmannen har gitt avslag om dispensasjon for. Desse var likevel satt til å vere ansvarleg for gjennomføringa av tvangstiltak.  
Fylkesmannen sitt avslag var mellom anna grunngjeve i at det ikkje er dokumentert at tenesteytar har fått god nok opplæring, eller at tenestaden ut i frå vedlagt turnus har nok kvalifiserte folk til at dispensasjon til til dømes sommervikarar ikkje er nødvendig.
- ▶ Kommunen har ikkje fordelt kvalifisert personell på turnus, slik at fleire miljøterapeutar til dømes arbeider same arbeidshelg, medan det andre helger ikkje er miljøterapeut til stades. Vi ser og døme på at det kan vere to miljøteraputar på dagvakt, medan det er ingen på kveld.

## Kva skal journalførast?

Relevante og nødvendige opplysningar om tiltak etter kapittel 9 skal førast i brukar sin pasientjournal.

Å føre journal skal ivareta ulike formål:

- Generelt er dokumentasjon i pasientjournal nødvendig for å sikre at viktig og relevant informasjon er tilgjengeleg for det personellet som skal følge opp brukar.
- Det er eit sentralt verktøy i tenesteytarane sitt daglege arbeid, og ein føresetnad for å kunne sikre forsvarlegheit og kontinuitet i tenesteytinga.
- Journalen skal dokumentere for ettertida kva som faktisk er skjedd. Det er nødvendig mellom anna som grunnlag for evaluering og eventuell endring av tilbodet, tilsyn og eventuelle klage- og erstatningssaker.
- Opplysningane i journalen kan også vere viktige for arbeidet med kvalitetsforbetring i verksemda.



## Observasjonar som var grunnlag for avvik - journalføring

- ▶ Gjennomføring av tvangstiltak blir ikkje til ei kvar tid nedfelt i journal
- ▶ Tvangstiltak gjennomført på natt ikke blir journalført. Nattevaktene fører ikke journal.
- ▶ Det blir journalført når mat blir låst inn, og når mat blir låst ut. (Det blir ikke gjort observasjoner og nedfelt hva som er bruker sin reaksjon på at maten er innlåst.)
- ▶ Kommunen har ikkje rutine for journalføring av gjennomførte tvangstiltak hos brukar.
- ▶ Kommunen har i sitt vedtak om bruk av tvang og makt opplyst at opplysingane i brukar sin journal skal kontrollerast ein gong kvar månad. Det er ikkje dokumentert at slik gjennomgang er gjennomført.



Regelverk	Tilsyn	Rettigheter og klager	Publikasjoner	
<p><a href="#">Forsiden</a> &lt; ... &lt;</p>				
Avgjørelser i tilsynssaker og rapporter etter varsel om alvorlige hendelser	Tilsynsrapporter	Hendelsesbasert tilsyn	Om tilsyn	Undersøkelsesenheter - varsel om alvorlige hendelser i spesialisthelsetjeneste
Involvering av pasienter, brukere og pårørende i tilsyn	Gjennomgang av barnevernssaker	Tilsynsområder	Kunnskapskilder	

#### Innhold

- [Saksbehandlingsprosessen](#)
- [Saksforholdet](#)
- [Statens helsetilsyns vurdering](#)
- [Vedtak](#)
- [Lenker om tilsynssaker](#)

#### **Advarsel til vernepleier for mangelfull dokumentasjon, manglende oppfølging av tiltaksplaner og upassende uttalelser overfor brukere**

En vernepleier som jobbet i et kommunalt bofelleskap for utviklingshemmede var uenig i den felles faglige plattformen som var vedtatt gjennom brukerplaner, tiltaksplaner og i interne møter, blant annet etter anbefalinger fra spesialisthelsetjenesten. Uenigheten gikk blant annet på at bofelleskapet etter pleierens mening ga brukerne for mye hjelp. Etter møter med ledelsen var pleieren fortsatt illojal mot felles plattform, unnlot å rapportere og valgte bevisst å ikke følge tiltaksplaner. Vernepleieren kom med merkelige uttalelser overfor brukere som skapte redsel og hadde form av trussel, men som pleieren selv mente var «tull og lek». Statens helsetilsyn kom til at vernepleieren ikke bidro til den forutsigbarhet og trygghet som brukerne er avhengig av, og som skapes av planer og lik utøvelse av tjenesten, og av at personalet viser brukerne empati og forståelse. Dette og den manglende journalføringen var brudd på pliktene i helsepersonelloven, og vernepleieren fikk en advarsel.

28.02.2017

[Skriv ut](#)   [Lag PDF](#)   [Del](#)